



Møtebok

Utval: Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 13.05.2024
Tid: Kl. 19:30 - 20:30

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde
Arnar Kvernevik
Bengt Solheim-Olsen
Gunn Åmdal Mongstad
Jenny Følling
Kjell Eide
Leif Jarle Espedal
Per Kjøllesdal
Petter Sortland
Sigurd Erlend Reksnes

Parti

SP

Forfall

Ole André Klausen

Parti

Varamedlem

Parti

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
24/026	Godkjenning av innkalling og sakliste
24/027	Godkjenning av møteprotokoll
24/028	Referatsaker
24/029	Høyrings svar - tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20142
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 10.05.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/026	Fjordane interkommunalt politisk råd	13.05.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 13.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/026 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20141
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 10.05.2024

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
24/027	Fjordane interkommunalt politisk råd	13.05.2024

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

26.03.2024 Protokoll - Fjordane IPR - 22.03.2024 1658020

Fjordane interkommunalt politisk råd 13.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/027 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/20143
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 10.05.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/028	Fjordane interkommunalt politisk råd	13.05.2024

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Fjordane interkommunalt politisk råd 13.05.2024:

Handsaming:

FIPR- 24/028 Vedtak:

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv:

JournalpostID: 24/20106

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato:

10.05.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/029	Fjordane interkommunalt politisk råd	13.05.2024

Høyringsvar - tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring**Bakgrunn for saka:**

Vestland fylkeskommune har lagt ut plan for heilskapleg tilbudsstruktur for vidaregåande skule og planen er ute på høyring med svarfrist 20. mai 2024.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Region Fjordane vedtek det utarbeidde høyringsvaret slik den er lagt fram for rådet.

Vedlegg i saka:

10.05.2024 Høyringsfråsegn frå Region Fjordane

1669552

Fjordane interkommunalt politisk råd 13.05.2024:**Handsaming:**

, foreslått av ,

Endringsforslag:

1. Korte ned uttalen til ein hovuddel som alle kan slutte seg til.
2. Hovuddelen skal innhalde avsnitt om utrekning av overkapasitet, elevene i fokus og distriktstiltak.
3. Epostbehandle den nye fråsegna.

FIPR- 24/029 Vedtak:

Endringsforslag:

1. Korte ned uttalen til ein hovuddel som alle kan slutte seg til.
2. Hovuddelen skal innhalde avsnitt om utrekning av overkapasitet, elevene i fokus og distriktstiltak.
3. Epostbehandle den nye fråsegna.

Saksopplysningar:

Hordaland og Sogn og Fjordane gjekk inn i Vestland med kvar sine skulebruksplanar. Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013–2024 og skulebruksplan 2012-25 Hordaland fylkeskommune, med rullering av skulebruksplanen 2017–2030.

Sidan desse planane vart utarbeidde, har det skjedd mykje og fleire endringar kjem i åra framover. Blant anna har elevtalsutviklinga vore lågare enn forventa, det kjem ny opplæringslov frå 1. august 2024 og ein ser endringar i kompetansebehov, den demografiske utviklinga og det grøne skiftet.

Fylkesutvalet gav 4. januar i år fylkesdirektøren mandat til å lage ein ny heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland. Sidan då har ei arbeidsgruppe jobba med eit utkast til slik plan, og det er dette som no blir lagt ut til offentleg høyring. For inntaksområda i Region Fjordane vart det gjennomført høyringsmøte den 29. april i Førde og 30. april på Nordfjordeid.

Vestland fylkeskommune har i skuleåret 2023–2024 om lag 19 000 elevar med ungdomsrett som har skuleplass ved dei offentlege vidaregåande skulane. Med dagens tilbodsstruktur er det mange ledige plassar. Både skuleåret 23/24 og 22/23 var det om lag 2500 ledige plassar. Det vil seie at fylkeskommunen tilbyr for mange elevplassar i fylket i forhold til tal elevar. Som det går fram av figur 1 under vil tal avgangselevar frå 10. klasse verte redusert med om lag 1000 i åra fram mot 2033.

1000 færre avgangselevar i 2033 vil i løpet av tre skuleår svare til om lag 2500 færre elevar i den vidaregåande skulen i 2035, det vil seie 1000 på vg1, 1000 på vg2 og 500 på vg3. Dette kjem i tillegg til dei ledige plassane som allereie eksisterer i dag. Dette vil då føre til ein auke i ledige plassar til 5000 utan endringar i dagens tilbodsstruktur. Med endringar i dette forslaget vil det vere omtrent 4300 ledige plassar.

Den vidare prosessen for saka ser slik ut:

Yrkesopplæringsnemnda og hovudutval for opplæring og kompetanse 28. august 2024

Vestland ungdomsråd 6. september 2024

Fylkesutvalet 19. september 2024

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 27. september 2024

Fylkestinget skal vedta tilbodsstruktursaka 1. og 2. oktober 2024

Høyringa gjeld:

Det er foreslått å ta ned 116 elevplassar i HAFS, Sunnfjord og ytre Sogn og 144 elevplassar for Nordfjord. Samla sett er det tilrådd store endringar for Fjordane som utdanningsregion.

- Det er tilrådd anten å legge ned Høyanger vgs eller opprette tilbodet som ei avdeling

under Førde vgs.

- Dale vgs er tilrådd å ta vekk vg1 bygg- og anlegg og påbygg med generell studiekompetanse.
- Flora vgs er tilrådd å ta vekk vg1 og vg2 tilbodet innan sal, service og reiseliv.
- Måløy vgs er tilrådd å ta vekk YSK, generell studiekompetanse og restaurant og matfag. Det er tilrådd å legge studiespesialiserande helsefag til skulen.
- Eid vgs er tilrådd å ta vekk FBIE.
- Firda vgs er tilrådd å ta vekk studiespesialiserande og legge helsefag vg1 og vg2 til skulen.
- Stryn vgs (uendra)
- Førde vgs er å ta vekk vg 3 landbruk, vg1, vg2 og vg3 i kunst, arkitektur design, vg1 vg2 og vg3 på media og kommunikasjon. Det er tilrådd å legge FBIE, vg2 anleggsmaskinar og påbygg til skulen.

Høyringsforslaget i si heilskap kan lesast her:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/hoyringar/hoyringsforslag-tilbodsstruktur-vidaregaande-opplaring.pdf>

Vurdering:

Region Fjordane er samansett av 11 kommunar, 8 skular og 2 inntaksområde og det er tilrådd store endringar for regionen. I høyringssvaret er det nokre hovudmoment som er viktig å setje søkjelys på.

- Utrekning av overkapasitet og endra gruppestorleik
- Tilrådde endringar gjev underkapasitet
- Elevane i fokus og reelle valmoglegheiter
- Brytningstid og nedskalering før det er nødvendig
- Distriktstiltak og unngå den sterke sentraliseringa

Det skal vere studiespesialisering på alle skular - for å ta vare på ei god breidde i programfaga må ein legge til rette for kombinasjonen studiespesialiserande og studieførebuande utdanningstilbod på skulane.

- Behalde studiespesialisering ved Måløy vgs og Firda vgs.
- Behalde påbygg ved Dale vgs.
- Behalde YSK ved Måløy vgs.
- Helsefag og studieførebuande helsefag på Eid vgs.

Ein skal legge til rette for kreative fagområde i alle inntaksregionar

- Behalde FBIE på Eid vgs.
- Behalde Media og ommunikasjon på Førde vgs.
- Behalde Kunst, arkitektur og design på Førde vgs.

Legge til rette for spissa utdanningar i distrikta

- Behalde vg3 landbruk i Førde
- Landslinje i Volleyball i Førde